



**DET KONGELEGE  
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT**

Ifølge liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

15/1720-

8.2.2016

**Supplerande tildelingsbrev 2016 til fylkesmannen frå Landbruks- og matdepartementet**

Landbruks- og matdepartementet viser til Prop. 1 S (2015-2016), og Stortinget si handsaming av denne, jf. Innst. 8 S (2015-2016). I dette brevet gir departementet fylkesmannen føringar for forvaltninga av midlar over budsjettkapittel 1144 post 77 Regionale og lokale tiltak i landbruket, samt føringar for forvaltninga av midlar over kapittel 1150 post 50 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m. og kapittel 1151 post 51 Reindrifftsavtalen 2015/2016. Overordna føringar for fylkesmannen sitt arbeid på landbruks- og matområdet vert gitt i Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt tildelingsbrev for 2016, med tilhøyrande verksemd- og økonomiinstruks for 2016.

**1. OVERSIKT OVER LØYVINGAR FOR 2016**

For 2016 stiller departementet gjennom dette fullmaktsbrevet følgjande midlar til disposisjon for fylkesmannen:

<b>Kapittel</b>	<b>Post</b>	<b>Namn</b>	<b>Beløp mill. kr</b>
1144	77	Regionale og lokale tiltak i landbruket	4,30
1150	50	Fylkesvise utgreiings- og tilretteleggingsmidlar	60,00
1150	50	Fjellandbruket	6,00
1150	50	Konfliktførebyggjande tiltak jordbruk/reindrift	1,50
1151	51	Konfliktførebyggjande tiltak jordbruk/reindrift	1,45
<b>SUM</b>			<b>73,25</b>

Postadresse  
Postboks 8007 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@lmd.dep.no

Besøksadresse  
Teatergata 9  
www.lmd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org no.  
972 417 874

Landbrukspolitisk avdeling  
Sakshandsamar  
Siri Lothe  
22249217

Vedlegg 1 gjev ei fylkesvis oversikt over tildelingane til fylkesmannsembeta frå kap. 1144 og kap. 1150. Oversikt over møter og samlingar i regi av Landbruks- og matdepartementet i 2016 framgår av kalender på FM-nett.

## **2. OVERORDNA MÅLSETTINGAR OG NASJONALE FØRINGAR**

Dei overordna måla for landbruks- og matpolitikken er matsikkerheit, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk. Regjeringa si politiske plattform legg m.a. vekt på at det skal skapast eit levedyktig landbruk ved å styrke moglegheitene for verdiskaping, og at det bør satsast på alternativ næringsutvikling for å gje grunnlag for ein meir robust og framtidsretta landbruksproduksjon over heile landet. Meld. St 31 (2014-2015) *Garden som ressurs- marknaden som mål* byggjer opp under dette.

Fylkesmannen skal ivareta dei nasjonale måla i landbruks- og matpolitikken, og er ansvarleg for regional tilpassing av denne. Jamn kontakt med kommunar, fylkeskommunar, Innovasjon Norge og andre regionale aktørar skal stimulere til lokal forankring av viktige landbruks- og matpolitiske målsettingar.

## **3. NÆRMARE OM DEI ENKELTE ORDNINGANE**

### **3.1 Kap. 1144.77 Regionale og lokale tiltak i landbruket**

Det er løyvd 4,118 mill. kroner til regionale og lokale tiltak i landbruket i 2016 over kapittel 1144.77. Med udisponerte midlar frå 2015 er total løyving til fylkesmannen 4,3 mill. kroner. Beløpet blir stilt til disposisjon med atterhald om at overføring av ubrukne midlar frå 2015 blir godkjent av Finansdepartementet.

Fylkesmannen har ei sentral rolle som kompetansesenter for kommunane på landbruks- og matområdet. Fylkesmannsembeta blir derfor tildelt totalt 3,6 mill. kroner for å styrke kommunane sitt arbeid på landbruks- og matområdet.

I samsvar med prosjektplanen løyver departementet 300 000 kroner i støtte til pilotprosjektet i Sør-Trøndelag for å styrke kompetansen på plan, miljø og landbruksområdet i kommunane.

Fylkesmannen i Finnmark får vidareført løyvinga på 400 000 kroner knytt til koordinering av arbeidet på landbruks- og matområdet mellom Norge og Russland, som ein del av satsinga på nordområda. Koordineringsrolla inneber kontakt med embeta i Troms, Nordland og Nord-Trøndelag, samt andre relevante aktørar i regionen.

### **3.2 Kap. 1150 post 50 Fylkesvise midlar til landbruksbasert næringsutvikling**

Gjennom jordbruksoppgjeret 2015 vart det avsett 548 mill. kroner i fylkesvise midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket forvalta av Innovasjon Norge, 60 mill. kroner blir løyvd til utgreiings- og tilretteleggningstiltak forvalta av fylkesmannen. I tillegg er det løyvd 6

mill. kroner til den områderetta satsinga på fjellandbruket, forvalta av utvalde fylkesmannsembete.

Dei fylkesvise midlane inngår i regionalt næringsprogram og er viktige økonomiske verkemiddel for å bidra til næringsutvikling i og i tilknytning til landbruket. Her spelar fylkesmannen, Innovasjon Norge, fylkeskommunane og kommunane ei særskilt viktig rolle, kvar for seg - og ikkje minst i samarbeid.

Fordelingsnøkkelen for 2015 ligg til grunn for fordelinga av midlane også for 2016. Fordelinga av dei bedriftsretta midlane framgår av LMDs oppdragsbrev til Innovasjon Norge. Fylkesmannen skal formidle signal om den strategiske bruken av desse midlane til Innovasjon Norge innan 1.3.2016. Prioriteringar skal skje med utgangspunkt i nasjonale føringar og regionalt næringsprogram. Det skal takast omsyn til Innovasjon Norge sin målstruktur.

### *Fylkesvise midlar til utgreiings- og tilretteleggingstiltak*

I 2016 er det avsett 60 mill. kroner til utgreiings- og tilretteleggingstiltak. Midlane skal bidra til å støtte opp om innleiande fasar og arbeid knytt til landbruksbasert verdiskaping regionalt.

#### *Formål*

Innanfor rammer fastsett i jordbruksoppgjær, statsbudsjettet og regionale bygdeutviklingsprogram kan midlane gis til tiltak som skal bidra til auka matproduksjon, utvikling og modernisering av det tradisjonelle landbruket, samt utvikling av andre landbruksbaserte næringar. Støtte til utvikling av økologisk landbruk kan inngå som ein del av tilretteleggingstiltaka.

#### *Tiltaksområde*

Midlane kan gis til organisasjonar, institusjonar, kommunar og ulike formar for samarbeidsorgan, hovudsakleg innanfor landbruket, med sikte på å understøtte landbruket. Det kan gis tilskot til utgreiings- og tilretteleggingstiltak med inntil 75 prosent av kostnadane, avgrensa oppover til 75 prosent av godkjent kostnadsoverslag for tiltaket.

For ein målretta bruk av midlane ber vi om at fylkesmannen gjer gode avklaringar med Innovasjon Norge regionalt om roller og ansvarsdeling knytt til den totale verkemiddelbruken.

#### *Administrative føringar*

Departementet legg til grunn at midlane vert kunngjort med naudsynte opplysningar om ordninga og at forvaltninga av midlane skjer med utgangspunkt i forvaltningslova, økonomireglementet og ev. regelverket for offentlege anskaffingar. Det må komme klart fram i vedtaka kva standardvilkår som gjeld for å kunne ta imot støtte. Inntil 1 % av fylket sine utgreiings- og tilretteleggingsmidlar kan nyttast til dekking av administrative kostnader av prosjektretta karakter.

I tillegg til kvotene for 2016, kan fylkesmannen disponere ubrukte midlar frå 2015 til same formål i 2016. Ved årsskiftet vil det bli tatt ein gjennomgang av ubrukte rammer med tanke på eventuell omfordeling mellom fylka.

Departementet tek sikte på å arrangere fagsamling for sakshandsamarar hos fylkesmannen på næringsutviklingsområdet i august 2016. Vi kjem tilbake til konkret dato, tema og nedsetting av arbeidsgruppe for dette snarleg.

Det er utvikla eit elektronisk søknadsskjema for utgreiings- og tilretteleggingsmidla som er klar til bruk i 2016. Med elektronisk søknadsskjema vil forvaltninga få ei enklare og meir einskapleg forvaltning av tilskotsmidlane, samtidig som det vil vere enklare for søkerane av tilskotsmidla å sende søknad. Vi vil oppmode alle embeta om å ta i bruk skjemaet i inneverande år.

### *Områderetta innsats - Fjellandbruket*

Ordninga inkluderer 6 fylke i fjellområda, der 4 mill. kroner blir fordelt til Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Oppland og Hedmark, og 2 mill. kroner til Buskerud og Telemark. Fylkesmannen i Sør-Trøndelag og Fylkesmannen i Telemark har eit koordinerande ansvar for styrking av fjellandbruket. Midlane skal sjåast i nært samband med andre relevante verkemidlar der Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt program for verdiskaping og næringsutvikling i fjellområda, forvalta av Oppland fylkeskommune, er særskilt aktuell. Vi syner til brev av 4.7.2013 og tilskotsbrev av januar 2014, for nærare omtale av forvaltning av ordninga og vilkår for tildelinga, m.a. knytt til utbetaling og rapportering.

### *Tilskot til konfliktforebyggjande tiltak – reindrift/jordbruk*

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag forvaltar ordninga med tilskot til konfliktforebyggjande tiltak jordbruk/reindrift i tråd med føringar gitt i brev frå LMD av 19.12.2013. Tilskotsordninga er finansiert over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjettkapittel 1150, post 50 og kapittel 1151 post 51 og regulerast av hhv. Jordbruksavtala og Reindriftsavtala. I 2016 er det avsett 1,5 mill. kroner over kapittel 1150 post 50. og 1,45 mill. kroner til ordninga over kapittel 1151 post 51. Inntil 100 000 kroner kan belastast ordninga til administrasjons- og gjennomføringskostnader i 2016 fordelt med 50 000 kroner frå LUF og 50 000 kroner frå RUF.

Hovudmålet med dei konfliktforebyggjande tiltaka er å redusere konflikter mellom reindrifta og anna landbruk. I tillegg omfattar ordninga konfliktforebyggjande tiltak mellom by og rein. Ordninga er heimla i Forskrift om tilskudd til konfliktforebyggjande tiltak i forholdet mellom reindrift og annen berørt part.

## **4. SAKSHANDSAMING OG UTBETALING AV MIDLAR**

Felles for alle midlane gjeld at fylkesmannen må vere særskilt merksam på at alle tildelingar som omfattast av regelverket for offentlig støtte, skjer i tråd med dette.

### *Belastning av kapittel 1144 post 77*

Prosjekt skal trekkjast frå kap. 1144 post 77 underpost 11 – *Prosjekter*. Andre utgifter skal trekkast frå kap. 1144 post 77 underpost 12 – *Diverse*.

Utgiftene over kap. 1144 post 77 skal trekkjast fortløpande gjennom året. Det er ikkje høve til å nytte interimskonti i samband med kap. 1144 post 77. Det er ikkje høve til å overføre midlar

over kap 1144 post 77, med mindre det ligg særskilde årsaker til grunn, som er avklart med LMD. LMD legg til grunn at det ikkje blir tatt overhead av midlane, sidan midlane er ei styrking av ordinære oppgåver.

### *Kapittel 1150 post 50*

I fylkesmannen si sakshandsaming av utgreiings- og tilretteleggingsmidlane skal sakshandsamarsystemet utvikla for forvaltning av desse midlane, tilskotstype 371, brukast. Tilskot gitt av fylkesmannen skal utbetalast av Landbruksdirektoratet.

### *Konfliktførebyggjande tiltak*

Landbruksdirektoratet avdeling Alta overfører sin del av tilskotsmidlane frå RUF til LUF, slik at midlane under ordninga samla sett ligg i LUF. Saturn skal brukast for utbetaling av midlane.

Forskriftstype	640	
Hjemmelsnr.	01	Konfliktførebyg. tiltak reindrift annen berørt part

## **5. RESULTATRAPPORTERING**

Det skal rapporterast på bruken av midlane i fylkesmannens årsrapport for 2016.

Det skal sendast ein eigen rapport til LMD på bruken av dei fylkesvise midlane til utgreiings- og tilretteleggingstiltak, med kopi til Innovasjon Norge innan 28.2.2017. Vi ber også om at det blir gitt ein heilskapleg overordna omtale av bruken av tilretteleggande midlar og midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket i fylket i rapporten.

Som bakgrunnsmateriale til reindriftingsforhandlingane skal det rapporterast på bruken av dei konfliktførebyggjande midlane mellom jordbruk/reindrift innan 3. januar 2017. Rapporteringa skal omfatte vurdering av, samt foreløpige rapporter og rekneskap for 2016. Rapportane skal gje ei oversikt over kva type tiltak som har fått økonomisk støtte, samt kvar desse er lokalisert. Vidare skal rapportane gje ei oversikt over forventa utbetalningar fyrste halvår 2017.

Departementet og Riksrevisjonen kan kontrollere at midlane er nytta etter føresetnadane.

Med helsing

Anne Marie Glosli (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Frøydis Vold (e.f.)  
ekspedisjonssjef

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrive signaturar*

Kopi til:

Innovasjon Norge	Postboks 448 Sentrum	0104	OSLO
Innovasjon Norge	Postboks 448 Sentrum	0104	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	Oslo
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0030	OSLO
Nærings- og fiskeridepartementet	Postboks 8090 Dep	0032	OSLO
Riksrevisjonen	Postboks 8130 Dep	0032	OSLO
KS - Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Landbruksdirektoratet	Postboks 8140 Dep	0033	OSLO
Landbruksdirektoratet Alta	Postboks 1104	9504	ALTA

**Vedlegg 1**

### Adresseliste

Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Fylkesmannen i Buskerud	Grønland 32	3007	DRAMMEN
Fylkesmannen i Finnmark	Statens hus	9815	VADSØ
Fylkesmannen i Hedmark	Postboks 4034	2306	HAMAR
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Fylkesmannen i Nordland	Moloveien 10	8002	BODØ
Fylkesmannen i Nord-Trøndelag	Postboks 2600	7734	STEINKJER
Fylkesmannen i Oppland	Postboks 987	2626	LILLEHAMMER
Fylkesmannen i Oslo og Akershus	Postboks 8111 Dep	0032	OSLO
Fylkesmannen i Rogaland	Postboks 59	4001	Stavanger
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Fylkesmannen i Sør-Trøndelag	Statens Hus	7468	TRONDHEIM
Fylkesmannen i Telemark	Postboks 2603	3702	SKIEN
Fylkesmannen i Troms	Postboks 6105	9291	TROMSØ
Fylkesmannen i Vestfold	Postboks 2076	3103	Tønsberg
Fylkesmannen i Østfold	Postboks 325	1502	MOSS

## Vedlegg: fylkesvis fordeling av midlar for 2016

<b>Embete</b>	<b>Løyving kapittel 1144.77 (kroner)</b>	<b>Utgreiings- og tilretteleggingstiltak (mill. kroner)</b>	<b>Fjellandbruket (mill. kroner)</b>	<b>Konfliktførebyggjande tiltak jordbruk/reindrift (mill. kroner)</b>
Østfold	200 000	2,28		
Akershus	200 000	2,02		
Hedmark	200 000	4,24	1,0	
Oppland	200 000	4,90	1,0	
Buskerud	200 000	2,70		
Vestfold	200 000	1,81		
Telemark <sup>1</sup>	200 000	2,23	2,0	
Agder <sup>2</sup>	400 000	3,61		
Rogaland	200 000	4,80		
Hordaland	200 000	3,62		
Sogn og Fjordane	200 000	4,80		
Møre og Romsdal	200 000	4,42		
Sør-Trøndelag <sup>3</sup>	500 000	4,17	1,0	2,95
Nord-Trøndelag	200 000	5,20	1,0	
Nordland	200 000	4,30		
Troms	200 000	2,90		
Finnmark <sup>4</sup>	600 000	2,00		
<b>SUM</b>	<b>4 300 000</b>	<b>60,00</b>	<b>6,0</b>	<b>2,95</b>

- 1) Telemark koordinerer forvaltinga av midlane til fjellandbruket på vegne av Telemark og Buskerud
- 2) Aust-Agder og Vest-Agder får som ei overgangsordning etter samanslåing av embeta ei ekstra tildeling i 2016.
- 3) Løyvinga til Sør-Trøndelag inkluderer 300 000 kroner til arbeidet med styrking av plan-, miljø og landbrukskompetansen i kommunane.
- 4) Løyvinga til Finnmark inkluderer 400 000 kroner til å ivareta koordineringsansvaret for "Økt kontakt med Russland".